



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4792 - 22/68239

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
09.09.2022

## **Søknad om deling og dispensasjon til uttale - gbnr 415/8 Nordanger**

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan  
Byggjestad: Gbnr 415/8  
Tiltakshavar: Didrik Håland Solberg

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom rundt eksisterande våningshus. Tomta er rekna ut av sakshandsamar til å vera omlag 930 m<sup>2</sup>.

Gbnr 415/8 er registrert med eit areal på 452 da i matrikkelen og er bygd med mellom anna 2 bustadhus. Begge registrerte som våningshus i matrikkelen. Bustadhuset som no vert søkt frådelt vart oppført 1980/81.

Tilkomstveg vert sams med landbrukseigedomen. Søkjar har fått løyve hjå Vestland fylkeskommune- INV til utvida bruk av avkøyrslø - fv. 5484.


Det vert oppgjeve at tanken med frådelinga er at familiemedlem skal overta huset.

Landbrukseigedomen gbnr 415/8 er i aktiv drift. Tomta som vert søkt frådelt er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.


### **Planstatus**

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Radøy (KDP). Arealet inngår i område registrert som kjerneområde i vedlegg til KDP.


### **Kart**



Frå situasjonsplan



Gardskart



Oversiktskart



Ortofoto 2019

## VURDERING

### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål LNF i KDP. Grunngevinga er i hovudsak at tomte ligg i hjørne av eigedomen, tomte har nødvendig infrastruktur som veg, parkering, vatn og utslepp. Som fordel med at det vert gjeve dispensasjon vert det argumentert med at det vert fleire innbyggjarar i området, betre vedlikehald av bygningar og frigjering av kapital til

